



Arkivsaknr: 2024/2372-5  
Sakshandsamar: Bente Kopperdal Hervik  
Avdeling: Kulturutvikling, idrett og frivillighet

## SAKSFRAMLEGG

Nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd - Voss herad

| Utvalssak | Utval                              | Møtedato |
|-----------|------------------------------------|----------|
|           | Utval for næring, kultur og idrett |          |
|           | Kommunestyret                      |          |

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver kommune godkjenner at Voss herad vert ny deltakar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap, med verknad frå 01.01.2025. Den nye deltakarkommunen sitt ansvar og forpliktingar følgjer av samarbeidsavtalen og av Lov om kommuner og fylkeskommuner (LOV-2018- 06-22-83, frå 01.01.2020 «kommunelova»).

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næring, kultur og idrett.

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap (BOF) har fått søknad frå Voss herad om å bli med i organisasjonen. I følge § 1 i samarbeidsavtalen skal tilslutning frå nye deltakarkommunar godkjennast av representantskapet i BOF og av kommunestyra i alle deltakarkommunane.

Saksopplysningar

Bakgrunn

For å styrka satsinga på friluftsliv i Vestland og for å oppnå mest mogleg føremålstenleg forvaltning og drift av tilrettelagte friluftsområde, er det eit ynskje frå fylkeskommunen at flest mogleg kommunar er medlem av eit friluftsråd. Erfaring viser at kommunar som har organisert drifta av friluftsområda i kommunen gjennom eit friluftsråd får mykje meir att for pengane enn om dei sjølv skulle stått for drifta av desse områda. Vestland fylkeskommune har difor oppmoda kommunar til samarbeid gjennom friluftsråd, og har også gjeve økonomisk støtte til dette.

## Sakshistorikk

Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen søkte om å verta tatt opp som medlemer i BOF i 2023. Vedtak om dette vart gjort på representantskapsmøtet 23. mars 2023, og deretter i alle deltakarkommunane. Desse fire kommunane vart tatt i BOF med verknad frå 1. januar 2024.

Voss herad søkte også om deltaking i BOF i 2023 (søknad datert 24. juli 2023), men søknaden kom etter representantskapsmøtet og kommunen vart informert om at deira søknad ville verta handsama på representantskapsmøte først i 2024.

## Vurdering

I saksutgreinga frå BOF i samband med at Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen søkte om deltaking i BOF i 2023 stod det følgjande:

*De nye kommunene har stor utstrekning og lange reiseavstander og setter således en begrensning på BOF sin kapasitet mtp fysisktilstedeværelse i disse kommunene. Lange kjøreturer fra Helleneset betyr kortere effektive arbeidsdager. Denne utfordringen vil først og fremst gjelde utvikling, drift og vedlikehold av friluftsområder, og kan fort gå på bekostning av dagens oppgaver. Utfordringen har vært diskutert i møter med kommunene, og de har vist forståelse for denne begrensende kapasiteten. Administrasjonen ser for seg at selskapet kan yte følgende oppgaver for de nye deltakerkommunene:*

- *Rådgivning og veiledning ifm sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområder. Eventuelle nye friluftsområder kan ikke bli opptatt i BOF sin drifts-og-forvaltnings-portefølje med mindre egen avtale for dette foreligger.*
- *Bistå kommunene i arbeidet med større forståelse for friluftslivets betydning, bedre friluftskultur og utbredelse av friluftsliv. Særlig digital presentasjon av kommunenes tilbud til allmenheten kan BOF bistå med.*
- *Veilede og rådføre kommunene i ulike søknads muligheter for tiltak og aktiviteter.*
- *Videreføring og systematisering av det samarbeidet som allerede er etablert med disse kommunene innenfor innsamling av eierløst marint avfall, holdningsskapende arbeid, planlegging og gjennomføring av ryddeaktiviteter.*
- *Opptak av nye deltaker kommuner vil komme eksisterende deltakerkommuner til gode gjennom et bedre friluftstilbud i nye og eksisterende utfartsområder. Administrasjonen mener også at deltakelse i BOF vil komme de nye deltakerkommunenes innbyggere til gode. Tilbudet til organisasjoner, enkeltpersoner, bygdelag og dugnadsgjenger vil kunne bli bedre ved å benytte BOF sin organisasjon i stedet for, eller i tillegg til, kommunenes egne staber.*

*Med et tjenestespekter som nevnt ovenfor er administrasjonen trygg på at opptak av nye kommuner ikke skal gå på bekostning av service-nivået til de eksisterende deltakerkommunene.*

BOF stadfestar at denne vurderinga også gjeld Voss herad, jamvel om dette saksframlegget ikkje er sendt kommunen i samband med Voss herad sin søknad om deltaking i BOF.

Kommunedirektøren meiner at Alver kommune bør leggja til rette for at kommunar som ikkje er medlem i eit friluftsråd kan delta i BOF, og legg til grunn at opptak av nye deltakarkommunar ikkje vil gå ut over tenestene og tilbodet i eksisterande deltakarkommunar.

Økonomiske konsekvensar

Ingen

Miljømessige konsekvensar

Ingen

Organisasjonsmessige konsekvensar

Befolkningsgrunnlaget i BOF sine 16 deltakarkommunar er ifølgje SSB pr 30. september 2023 på 455.649 personar. Voss herad hadde på same tidspunkt eit samla innbyggjartal på 16 267 personar. Kommunane sin eigardel i BOF skal i følgje samarbeidsavtalen fastsetjast med bakgrunn i folketalsdata. Nytt folketalsgrunnlag vil verta 471 916, og vil medføre endringar i deltakarkommunane sine eigardelar. Ut frå folketalet per 30. september 2023 vil Alver kommune sin eigardel endrast frå 6,6 % til 6,3 %.

Det vert foreslått at samansetjinga av styret vert uendra (eitt styremedlem som frå kvar av dei fire regionane og tre styremedlemmer frå Bergen) med sju medlemmer frå kommunane og i tillegg éin tilsett-representant. Det vert foreslått at Voss herad deltar med éin representant i representantskapet ved at dette vert utvida frå 19 representantar til 20 representantar (fire representantar frå Bergen og éin representant frå kvar av dei seksten andre kommunane).

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at Alver kommune godkjenner at Voss herad får bli med i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap (BOF).

## Vedlegg

- 1 Forslag til ny samarbeidsavtale gjeldene fra 01.01.2025.pdf
- 2 Saksutredning ny kommune til BOF.pdf
- 3 Søknad om medlemskap i Bergen og omland friluftsråd.pdf
- 4 Stadfesting ang saksutgreiing frå 2023
- 5 Saksutredning nye kommunar til BOF 2023